

## 2. Spørsmålet er stilt av Øyvind Bratshaug, FrP

Spørsmålet gjeld «framdrift og forventningsavklaring» og oppdatering rundt vegutbetringa Fløksand-Vikebø.

Denne vegutbetringa er ein del av Nordhordlandspakken. Denne vart vedtatt i fylkestinget juni 2015 og ordføraren synes det er gledeleg at Meland FrP er oppteken av framdriften i bompengeprosjekt i kommunen. Ein ventar framleis på den endelege handsaminga av Nordhordlandspakken i Stortinget, slik eg forstår det blir det arbeidd med denne i samferdselsdepartementet. Her vil eg oppfordre spørsmålsstillaren om å arbeide for at dette FrP-styrte departementet får saka fram til Stortinget så snart som mogleg.

Heldigvis har fylkeskommunen løyvd planmidlar slik at arbeidet med prosjekta i pakken er i gang. Når det gjeld strekninga Fløksand-Vikebø inklusiv trafikksikring/undergang Holme, så har dette prioritet 4 (av totalt 19 prosjekt) i pakken og det har vore oppstartsmøte på reguleringsarbeidet. Statens vegvesen (SVV) har og gjennomført grunnundersøkingar. På grunn av grunntilhøva med mykje leire der vegen går har SVV konkludert med følgjande:

(E-post-sitat frå prosjektleiar hos SVV).

*«Foreløpig resultat frå testane av grunnforholda viser at det vert veldig vanskeleg å utbetra vegen rundt Leiro på Fløksand. Dette vil seie at me no ser på alternative traséval rundt dette området. Arbeidet vert løyst ved å gjennomføra eit forprosjekt der ein silar ut forskjellige alternativ, utarbeider eit planprogram og eventuelt føretak ei konsekvensutgreiing. I dette arbeidet vil me ha kontakt med kommunens planadministrasjon for å sikra godt samarbeid og best mogleg resultat».*

Ordføraren har observasjonsstaus i styret til Nordhordlandspakken og vil sørge for at det er sterkt fokus på dei ulike Meland-prosjekta i Nordhordlandspakken vidare, óg på vegutbetringa mellom Fløksand og Vikebø.

Frekhaug, 14.12.2016  
Øyvind H Oddekalv  
ordførar